

Tilskotssatsar for skogkultur 2025, Vestnes kommune

Med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Søk om tilskot snares etter utført arbeid.

Søknadsfrist 1. runde: 15. august

Søknadsfrist 2. runde: 29. november

| Tiltak | Tilskot |
|---|--|
| Markberedning | 300 kr/daa maks 50 % av kostnaden |
| Plantekjøp og planting av gran og furu | 40 % av kostnaden |
| Plantekjøp og planting av lauvtre | 40 % av kostnaden |
| Suppleringskjøp og -planting av gran, furu og lauvtre | 40 % av kostnaden |
| Ungskogpleie | 450 kr/daa maks 70 % av kostnaden |
| Grøfting: Nygrøfting (ikkje myr- og sumpskog). Suppleringsgrøfting på tidlegare grøfta areal, grøfte og bekkerensking (gjeld ikkje grøfter i samband med veg) | 30 % av kostnad, maks 20 kr/meter |
| Kompensasjon for miljøtiltak i skogbruket, vern (MiS figurar) | Eigenandel på 10 000 kr, og 25 % tilskot på kostnaden knytt til å la ein MiS-figur stå urørt (gjelder ikkje naturtypar og anna type vern). |

Dersom det blir lite tilskotsmidlar blir tilskot til tiltaka prioritert etter følgande:

1. Ungskogpleie
2. Plantekjøp, planting og suppleringsplanting
3. Grøfting, markberedning og kompensasjon for miljøtiltak i skogbruket blir lågare prioritert

Retningslinjer for tilskot til skogsvegar 2025, Vestnes kommune

Med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier er styrande for all bygging av skogsvegar.

Informasjon om skogsvegar: www.skogsvei.no

Generelle krav ut over det som er satt i landbruksforskrift:

- Søknadsfristar for tilskot: 15. mars og 15. august. Fortløpende vurdering av søknader etter 15.august.
- Vegen skal byggast etter gjeldande normaler for landbruksveier satt av landbruks- og matdepartementet, og andre vilkår satt i kvart enkelt løyve til bygging og tilskot. Eventuelt mislighald kan føre til krav om tilbakebetaling av tilskot(jfr. § 13 i Nmsk-forskrifta).
- Vegar med budsjettet kostnad over kr 500.000,- skal konkurranseutsetjast. Vegar med anslått kostnad over 300.000,- skal ha byggeplan utarbeid av godkjent vegplanleggar.
- Alle vegprosjekt skal ha ein byggeplan.
- Byggeplanen skal godkjennast av kommunen. Vegen skal ha godkjent byggeløyve frå kommunen. Vegar utan byggeløyve frå kommunen får avslag på søknad om tilskot.
- Lågaste bruksklasse for tilknyting til offentleg veg: BkT8
- Søknader for anlegg med budsjettet kostnad lågare enn kr 20.000,- vert ikkje teken opp til behandling og tilskot mindre enn kr 10.000,- vert ikkje utbetalt.
- I bratt terrenget må innvendig diameter på stikkrenner vere 400 mm eller større.
- I samråd med Statsforvaltaren kan tilskot vert gjeve til ras- og vassikringstiltak.

Grunnlag for prioritering av veganlegg for tilskot:

- Skogsbilvegar vert prioritert framfor traktorvegar.
- Veganlegg med lav byggekostnad pr m³ skogsvirke vert høgt prioritert.
- Veganlegg med stort volum med hogstmoden skog vert prioritert, alder på skog i forhold til bonitet er grunnlag for vurderinga, sjå vedlegg 1.
- Veg kl. 7 får høg prioritet om stort tømmervolum får vegløsing der skogsbiweg vert vanskeleg eller ikkje lar seg bygge.
- Vegar med grunnlag i jordskifte får prioritet framfor andre vegar om dei elles vert vurdert likt.
- Mindre anlegg som tar vekk grunnlaget for realistiske større fellesanlegg, vert gjeve redusert prioritet og tilskotsprosent.
- Enkle permanente traktorvegar, veg kl. 8 vert vurdert for tilskot etter 2. søknadsrunde.
- Vegar med lågt/lågare tømmervolum per meter veg vert prioritert lågare enn vegar som har høgt/høgare tømmervolum per meter veg, i nedslagsfeltet. (presisering av overstående tekst).

Tilskotssatsar:

- Skogsbilvegar, veg kl. 3 og 4 inntil 50% tilskot, veg kl. 5 inntil 45% tilskot.
- Sterke traktorvegar, veg kl. 7, inntil 40% tilskot.
- Ekstra tilskot ved bruk av godkjent vegplanleggar: inntil 3% for planlegging og inntil 3% for byggeleiing.
- Enkle permanente traktorvegar, veg kl. 8, inntil 20% tilskot.

Retningslinjer for tilskot til ulike driftsformer bl.a. taubane, lang transport, manuell hogst 2025, Vestnes kommune.

Navn på søkerordninga/skjema: "Søknad om tilskudd til drift med taubane, hest o.a"

Med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubaner, slepebaner og t-vinsj.
- Nødvendig manuell felling inn til hogstmaskin.
- Manuell hogst og utkøyring med småskala maskin/hest (motormanuell hogst).
- Transport lengre enn 1,3 km i terren og på traktorvegar der det teknisk eller på grunn av små skogressursar ikkje er grunnlag for å bygge skogsbilveg.

Generelle bestemmingar ut over det som er satt i nmsk forskrift:

- Alle driftstilskot skal verte søkt på og førehandsgodkjennast av kommunen, før oppstart. Vert drift sett i gang før førehandsgodkjenning kan ein risikere trekk på heile eller deler av tilskotet.
- Fortløpende behandling av søknader, siste frist 29. november.
- Avsetting til skogfond eller hogst er obligatorisk mellom 4 og 40%. kommunen anbefaler avsetting på 10 % for å dekke om nødvendige kostnad knytt til skjøtsel.
- Det er eit krav at skogsdrifta vert gjennomført i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk (det inkluderer m.a. sporpuss). Eventuelt mislighald kan føre til krav om tilbakebetaling av tilskot (jfr. § 13 i Nmsk-forskrifta).
- Driftstilskot vert ikkje gitt til barskog med minstealder lågare enn angitt etter bonitet i vedlegg 1. Gjeld alle tilskota (ein skal og ta ei heilhetsvurdering av hogsten, om den likevel er berekraftig sjølv om deler av skogen er for ung).
- Tilskot til banedrifter berre der slikt utstyr er nødvendig på grunn av terren og jordbunnsforhold. Banedrift og t-vinsj vert prioritert framfor å måtte grave seg fram i bratt terren.
- Det vert ikkje gitt driftstilskot til areal som etter hogst skal omdisponerast til andre føremål enn skogbruk.
- Forynging av hogstfeltet skal gjennomførast jamfør kapitel 3 i forskrift om berekraftig skogbruk.
- Minstebeløp for utbetaling av tilskot er kr 2.000,-
- To tilskotsordningar kan verte kombinert.
- Utbetaling av tilskot etter endt skogsdrift, mot dokumentert volum/kostnad

Tilskotssatsar:

- Taubanedrift gran inntil kr 180 /m3. Furu og lauv inntil kr 180/m3.
- T – vinsjdrift: inntil 50 kr/m3
- Manuell felling til hogstmaskin, maks 60 % av dokumenterte kostnadene (inntil 400 kr/time)
- Motormanuell hogst, inntil 50 kr/m3
- Driftsveglengde over 1,3 km kr 20,-/m3 og over 2 km kr 40,-/m3.

Vestnes kommune har ved første tildelingsrunde 2025 fått kr 100.000 kr. til skogsvegar og driftstilskot. Kommunen har gjort ei foreløpig fordeling av midlane:

- Kr 60.000,- til skogsvegar.
- Kr 40.000,- til driftstilskot.

Finansiering av større veganlegg, og taubanedrift over et større areal i kommunen, er mogleg ved tidleg dialog med Statsforvalteren!

| Bonitet | Lågaste bestandsalder for driftstilskot |
|---------|---|
| G23 | 60 |
| G20 | 65 |
| G17 | 70 |
| G14 | 75 |

Døme: Driftstilskot vert ikkje gitt til en 50 år gammal granplanting på bonitet G20.

Alderskrav kan fråvikast av helsemessige årsaker eller andre årsaker, ved vurdering og godkjenning frå kommunen.

Søknadsskjema om driftstilskot 2025 Vestnes kommune:

Søker: Gnr/bnr:

Teig jf, skogbruksplan:

Bonitet og alder på skogen:

Taubanedrift gran, tall m3:

T-vinsjdrift gran, tall m3:

Taubanedrift furu og lauv, tall m3:

Nødvendig manuell felling til hogstmaskin, tall m3:

Manuell hogst og framkøyring med traktor/minilassberar/hest, tall m3:

Driftsveglengde over 1,3 km, tall m3:

Driftsveglengde over 2 km, tall m3:

Skogvirket vil bli registrert i virkesdatabasen? Ja /nei (stryk det som ikke passar)

Hogstarealet skal foryngast på tilfredsstillende måte? Ja / nei

Kart med innteikna driftsområde skal leggast ved søknaden.

Signatur søker:

Dato: